



Marusz Myszoglad
Moldekleiv 68
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/238 - 16/23920

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
02.01.2017

Førehandsvarsel - GBNR 27/4 - Mogleg vedtak om stenging av avkjørsle - Tilkomstveg til GBNR 27/73

Det blir vist til brev frå kommunen datert 23.9.2016.

Varsel:

Dette brev er eit formelt førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Saka gjeld stenging av ulovleg etablert avkjørsle etter veglova § 42:

«Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.

Regionvegkontoret tar avgjerd etter første ledd for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen tar slik avgjerd for kommunale vegar».

Som opplyst i brev av 23.9.2016 blei det i 2005 etablert tilkomstveg og avkjørsle til Moldekleivvegen frå fritidsbustaden på gbnr 27/73.

Etablering av ny avkjørsle til offentleg veg er avhengig av søknad og godkjenning av kommunen. Det har ikkje på noko tidspunkt vore søkt om slik godkjenning for denne avkjørsla. Avkjørsla er ikkje i samsvar med gjeldande regelverk for slike avkjørsler (mellom anna friskt og svingradius). Sjølv om Moldekleivvegen er relativt lite trafikkert, vurderer kommunen avkjørsla som trafikkfarleg.

Meland kommune vurderer med heimel i veglova § 42 å stenge avkjørsla fysisk og forby bruk av denne.

Korkje dagens grunneigar av gbnr 27/4 eller fritidseigedomen 27/73 har vore tiltakshavar eller utførande ved etablering av vegen og/eller avkjørsla. Kommunen finn det difor ikkje hensiktsmessig å pålegge retting av tiltaket i medhald av plan- og bygningslova slik saka i dag står. Legalisering av tiltaket vil krevje dispensasjon frå arealformålet LNFR i kommuneplanen sin arealdel, og søknad/godkjenning etter Plan- og bygningsloven sitt regelverk.

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tilbakemelding:

Dette varsel blir sendt grunneigarane av høvesvis gbnr 27/4 og gbnr 27/73. Kopi blir sendt Kari og Bjørn Hammersvik, representert ved advokat Geir Stensletten.

Vi ber om at eventuelle merknader eller relevante opplysningar blir sendt kommunen innan 9.1.2017. Kommunen har registrert opplysninga om at grunneigar av gbnr 27/4 ikkje har noko i mot at avkøyrsla blir stengt av kommunen.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål, tlf 56 17 11 69.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatene Takvam & Stensletten

Vestre

5011

BERGEN

Murallmenningen
12A

Emne: Fwd: Merknad til nabovarsel Moldekleiv
Dato: i går kl. 20.18
Til: kari hammersvik karihammersvik@yahoo.no

Til info

Skaff deg Outlook for Android

From: Egil Gripsgård <egil.gripsgard@live.no>
Sent: Monday, February 15, 2021 8:16:47 PM
To: Christian Grahl-Madsen <christian@advokat.bergen.no>
Subject: Sv: Merknad til nabovarsel Moldekleiv

Hei Christian.

Har i dag hatt en lang samtale med tiltakshaver Pål Villanger og han har bestemt seg for å trekke hele søknaden til Alver kommune ang. flytting av utkjørsel. **Avkjørselen vil bli stengt for biltrafikk på en eller annen måte.**

Denne avkjørsel og vei blei bygget lenge før Pål Villanger kjøpte eiendommen på Moldekleiv.

Kari og Bjørn Hammersvik kan med dette bare se vekk fra dette nabovarslet.

Vennlig hilsen

Egil Gripsgård.

Fra: Christian Grahl-Madsen <christian@advokat.bergen.no>
Sendt: onsdag 10. februar 2021 15:27
Til: Egil.gripsgard@live.no <Egil.gripsgard@live.no>
Emne: Merknad til nabovarsel Moldekleiv

Vedlagt brev med merknader til nabovarsel på vegne av Bjørn og Kari Hammersvik.

Med hilsen

Christian Grahl-Madsen

Christian Grahl-Madsen
Advokat